



Statens vegvesen

201200960-15
KSK/STP 312

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Hilde Gunn Stenseth / 56520207	Vår referanse: 16/78940-2	Dykkar referanse: 201200960	Vår dato: 12.07.2016
------------------------------------	-------------------------------------------------------------	------------------------------	--------------------------------	-------------------------

Statens vegvesen sine merknadar – Isdøla Kraft AS – Søknad om løyve til Isdøla kraftverk – Eidfjord kommune – Høyring

Viser til oversending frå dykk og til dokument som ligg på nve.no. Me viser også til at Eidfjord kommune har omfattande planarbeider på gang i nærliggjande område.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. I dette tilfellet er det riksveg (Rv) 7 som er av særleg interesse for oss. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Statens vegvesen har ingen særlege merknadar til at sjølve Isdøla vert nytta til kraftverk då dette i liten grad vil påverke Rv 7. Me er likevel opptekne av at det pågår mykje og omfattande planarbeid i området, og at alle tiltak, uavhengig av om dei ligg innanfor eller utanfor eit planområde, må sjåast i samanheng.

At Statens vegvesen ikkje har merknadar til at Isdøla vert bygd ut, gjev ikkje det automatisk løyve til dispensasjon frå byggjegrensar, ny avkøyrslar med meir. Dette må det søkjast om særskild.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadso

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Eidfjord kommune, Simadalsveien 1, 5783 EIDFJORD
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN